



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kviteseid Sokneråd**

## **REFERAT frå møte**

for Kviteseid Sokneråd

Onsdag 6. oktober 2021, kl.18.00-21.00

Stad: Kviteseid kyrkje

### **Innkalla:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen, Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar).  
Vigdis Helene Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

**Forfall:** Møyfrid Lunde (sokneprest) og Dagfinn Køhn, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås og Marit Sørby (nestleiar).

**Møtet vart i Kviteseid kyrkje kl. 18.00**, der vi hadde dei fyrste sakene saman med kyrkjelydsutvalet i Kviteseid i tråd med vedteke årshjul for denne soknerådsperioden. Vi starta med synfaring av gapahuken.

Opning av møtet: Ein felles salme, akkompagnert av organist Olav Holm  
Servering i kyrkja: Vidar Syrtveit Mikalsen

Oversikt over saker:

<b>SR-sak 50.21 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>
<b>SR-sak 51.21 FR</b>	<b>Post og meldingar</b>
<b>SR-sak 52.21 SR</b>	<b>Kyrkjelydsutval, Kviteseid</b>
<b>SR-sak 53.21 SR/FR</b>	<b>Kyrkjebenkene i Kviteseid kyrkje</b>
<b>SR-sak 54.21 SR</b>	<b>Innkøring til Gamlekyrkja</b>
<b>SR-sak 55.21 FR</b>	<b>Gudstenesteplan for våren 2022</b>
<b>SR-sak 56.21 FR</b>	<b>Eventuelt</b>

<b>SR-sak 50.21 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	<b>MG</b>
Innkallinga til dette møtet blei sendt ut på e-post torsdag 30. september 2021 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
<b>VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		

1. **Gapahuk-prosjekt:** Arbeidet går framover om ikkje så fort. I starten av september var det ein del dugnadsfolk fleire dagar. Før og etter det er det hovudsakleg Håkon Heggveit som har arbeid aleine 2-3 dagar i veka i arbeidstida, med god hjelp nokre dagar. Vi kunne godt hatt meir dugnadsfolk, men det krev litt å få tak i dei og. Vi ser på gapahuken saman under møtet.
2. **Brann-tilløp Fjågesund kyrkje:** «Arbeidet med montering av brann- og lynvernanlegg er avslutta og overlevert», skrev vi til sist møte. Det var i siste liten og viste seg å vera svært nyttig. Som alle no kjenner til, var det full utrykking til Fjågesund kyrkje etter brannalarm, søndag 12. sept. kl. 21++. Vi var 3 personar som fekk sms samstundes med at 110-sentralen fekk melding frå brannsentralen. Vi tre er kyrkjetenar Bjørn Stian Sigurdslid, kyrkjevevja og naboen Trond Fjågesund. Kyrkjevevja sende Trond opp for å sjå, og han hadde då kontakt med 110-sentralen. Det var aspirasjonsanlegget som utløyste alarmer. (Det sniffar etter røyk i kjellaren og i kyrkjeromma) Då dei ikkje fann synlege teikn til brann, vart noko brannmannskap returnert mens brannbilen fortsette. Etter leiting og litt tid, fann dei røyk som kom ut frå ventilane på nord-sida og forstod det var noko i krypkjellaren. I og ved ei luke i muren på sørveggen, fann dei sot og restar av fyrstikke og tennbrikke, noko som kan tyda på at brannen var påsett av folk. (Sjå biletet) Resten av mannskapa vart på nytt tilkalla, inkludert tankbilen. Røykdykkarar tok seg ned i krypkjellaren gjennom den svært tronge opninga. Den fann dei med hjelp av kyrkjetenar på telefon, bak ei luke under trappa. Ein brennande stakk på bakken i krypkjellaren vart fort sløkt med litt vatn. Det var då blitt mykje røyk. For mannskapet sin tryggleik og for å vere sikker på at alt var sløkt, saga dei hol i golvet mellom benkeradene og ytterveggen mot sør. I kjellaren fann dei også nokre glas, som krimteknikarane etter kvart tok med seg. Kyrkjevevja kom til staden før politiet, men etter at brannvesenet var ferdig.



Politiet hadde lang veg med fyrste bil heilt frå Åmot. På grunn av observasjonar som brannmannskapa hadde gjort, og at det var forsøk på påtenning av ei kyrkje, tok politiet saka svært alvorleg og mange vart tilkalla. Dei vart etter kvart 6 einingar i bil, inkl. ein hundepatrulje, samt helikopter som leita etter eventuelle gjerningsmenn, mellom anna to gåande i retning Kviteseid. Politiet har ikkje meldt om nokre funn eller resultat etter undersøkingane som er gjort.

Kva vart skada? Golvet i kyrkja var isolert med 10-15 cm leire. Då motorsaga fresa gjennom det, vart det mykje leirstøv i heile kyrkja. (Sjå bilete)



Forsikringsselskapet KNIF vart kontakta måndag morgon, og dei skaffa straks eit saneringselskap som har undersøkt staden og skrive rapport på skadane. Etter at saka fort vart godkjend for erstatning, er heile kyrkja blitt reingjort, så den skin som den ikkje har gjort på mange år. Orgelspesialisten vi allereie hadde kontakt med for stor-service, kom

rundt 22.9. og brukte fleire dagar saman med ein person til, på å ta frå kvarandre heile orgelet og gjere det reint.

Vi har kr 50.000 i eigenandel på denne forsikringa. Berre orgelfolka har gjort arbeid for meir enn det. Kyrkja er rydda og reingjort for enda meir.

Materialar er bestilt, og så snart dei kjem, blir golvet reparert og ny luke sett i. Arbeidet er truleg ferdig i veke 41.

Vi nyttar høvet til å lage ei litt større og betre inspeksjonsluke ned til kjellaren der det no er hol allereie. Det har vi fått godkjent av både biskop og riksantikvaren sist veke. Aspirasjonsrøyret i kjellaren, som er av plast, vart litt øydelagt der det var mest varmeutvikling. Det er no reparert. (Biletet til høgre er tatt 29.9, etter opprydding og vask)

KA var raske med å fylgje opp saka. VTB har pr d.d. skrive om saka i 3 omgangar, etter kvart som politiet har ynskt å uttale seg om meir. Etter 3. oppslag (4.10) der politiet stadfestar funn av brennbar veske, har fleire andre aviser fylgt opp og bedt om kommentarar og bilde.



3. **Hovuddøra i Vrådal og sakristiet i Vrådal** har vi akkurat motteke pristilbod på, for reparasjon. Sakristiet kan arbeidast med i nov-des i år, mens døra vert innarbeid på verkstad i des-jan. Vi har og vore i kontakt med firma som kan laga ny innreiing i sakristiet. Sakene blir fylgt opp, men ingen avtaler er inngått pr d.d.
4. **Dåps-sakristiet i Vrådal** ynskjer kyrkjelydsutvalet å pusse opp (sjå referat frå deira siste møte, vedlagt) Kyrkjeverja tenkjer dette er greitt og held fram med dialogen med utvalet og kyrkjetenarar.
5. **Gjerde og nye portar i Vrådal** er under oppføring mot sør. Plass til søppelspann og avfallssortering blir arbeidd med seinare i haust.
6. **Nye flaggstenger i Brunkeberg** er bestilt. Vi ynskjer vedlikehaldsfrie stenger av glasfiber eller aluminium, men fekk ved ein feil trestenger.
7. **Kilen kapell** er vaska med høgtrykksspylar og mose fjerna frå taket. Etter planen får heile kapellet eit målingsstrøk til våren.
8. **Lesepulten i gamlekyrkja:** Vi har ikkje motteke svar på søknaden om å få behalda lesepulten som fast inventar i Kviteseid gamle kyrkje.
9. **Utbetringar etter el-tilsyn:** Alle kyrkjene unntatt Fjågesund fekk i vår besøk av det lokale el-tilsynet. Arbeidet med å utbeta alle feila har vore tidkrevjande for elektrikarfirmaet vi bruker, og har ikkje minst blitt særskilt kostbart. Berre i Kviteseid er arbeidet ferdig og fakturert for litt over kr 50.000. Det går mange timar i Brunkeberg og Vrådal også, og lite i Kilen kapell.
10. **Faste gåver.** Ei ny og enkel løysing for faste gåver via AvtaleGiro eller Vipps er på plass, men saka er ikkje gjort kjend enda. [Sjå linken her](#). Gjevarkomité har ikkje vore i funksjon på eit par år.
11. **Kurs, møte og konferansar:** (Ikkje utfyllande liste, og utan digitale kurs)
  - Bjørn Stian Sigurdslid har
    - i. starta på Kyrkjetenarskulen med ein modul 30.8-1.9 på Gardermoen (subsidiert av OU-midlar)
    - ii. held fram med Fagdagar for kyrkjetenarar og ein modul av Gravplassskulen 15.-17 nov. i Drammen (subsidiert av OU-midlar)
  - Olav Holm deltek på
    - i. kurs for barne- og ungdomskor 18.-20. nov. på Lillestrøm
    - ii. kurs for nyttilsette kyrkjemusikarar 22.-24. nov i Bodø

- Knut Ove Lofstad
  - i. deltok på eit speidarkurs på Hovden 24.-25. sept.
  - ii. deltek på kurs for nye tilsette i Dnk og for undervisningspersonell og diakonar i regi av IKO i Oslo 1.-3. nov. (utgiftene blir delt mellom Kviteseid og Seljord)
- Kyrkjevevja deltok på
  - i. Fagdagar for gravplassforvaltning 8.-10. sept. i Sandefjord (1. gong),
  - ii. Årleg møte med Kyrkjevevjer og prostar i bispedømet, 30. sept.-1. okt. i Bø, inkl. årsmøte for kyrkjevevjelaget i prostiet.
  - iii. Deltek på kyrkjeleiarkonferanse og landskonferanse for kyrkjevevjer, på Gardermoen 1.-3. nov (for 1. gong) Samkjører med Knut Ove.

## 12. Gjennomførte arrangement

- Konfirmasjonar laurdagane 21. og 28. aug. (2 gudstenester baa dagane)
- 29. aug. og 29. sept.: Føremiddagstreff på Misjonshuset
- 1. okt.: Hans Nilsen Hauge-program med Ivar Skippervold i Kviteseid kyrkje.
- **Babysong og småbornstreff** starta opp igjen 23.sept., frå no leia av sokneprest Møyfrid Lunde, på Misjonshuset.
- **Vest-Telemark soulchildren** starta opp 23. sept. som ein utviding av Kviteseid soulchildren. Organist Olav Holm er ansvarleg, og elevar frå Kvitsund vil leia det. Øvingar i musikkrommet på Kviteseid skule.

## 13. Planlagde arrangement

- 7. nov.: Allehelgenskonsert med Jan Haugen, Vidar Magnushommen m.fl. i Kviteseid kyrkje. Leige.
- 14.nov.: Konsert med hornmusikken i Kviteseid kyrkje. Leige.
- 18. nov.: Konsert ved Sigmund Groven og Iver Kleive: «Innunder jul» i Kviteseid kyrkje. (framleis litt avhengig av at dei får tilskot frå staten)
- 8. des.: Adventskonsert for eldre i Kviteseid kyrkje. Diakoniutvalet.
- 12. des.: Den tradisjonelle adventskonserten i Kviteseid kyrkje med mange kor og hornmusikken. Arr: Soknerådet v/ organisten.

14. **Høyring om ny kyrkjeleg organisering:** Informasjonsmøte for oss i Øvre Telemark prosti var på Granvin i Seljord ty. 28. sept. kl. 18.00-20.00. Der møtte Marit Gotuholt, Dagfinn Køhn, Møyfrid Lunde, Sigrun Moen og kyrkjevevja frå Kviteseid. Dei 3 fyrste blei i siste SR-møte valde til å utgjere ein komite for å førebu høyringssvar frå SR til møtet 17. nov. Sigrun Moen vart siste medlem i gruppa.

15. **Regnskapskontoret i Nissedal** har vore underbemanna sidan ferien. Det har gjort at dei er forsinka i rekneskapsarbeidet, og vi har ikkje fått ut rapportar. Dei har nå fått tilsett ny rekneskapskonsulent.

16. **Kyrkjelydsbasaren blir laurdag 27. nov.** Komiteen har vore samla til fyrste møte og har fått stadfesta at det vert Jolemarknad på Mylletorget i år som i fjor. Det vil vi vere med på fredag 26. Ellers ynskjer komiteen gevinstar og salsvarer i god tid, og treng folk til:

- Hjelp til sal begge dagane.
- Bakedag på skulekjøkkenet for gjærbakst og kransekaker.
- Hjelp til loddsal utanfor Kiwi 1-2 laurdagar i nov.

SR-sak 52.21 FR

Kyrkjelydsutval, Kviteseid

MG

Etter årshjulet for denne soknerådsperioden treffer vi eit kyrkjelydsutval kvart år. Sist haust var soknerådet i Brunkeberg, og nå er turen komen til Kviteseid.

Agenda:

- Synfaring i kyrkja, innvendig



- Vurdering av benkene no etter pandemien (eiga sak for vedtak)
- Samtale med kyrkjelydsutvalet om deira teneste der dei fortel og SR kan spørja. Spesielt fokus på korleis tenesta har vore under pandemien
- Takk til utvalet for det arbeidet dei gjer
- ‘Kyrkjekaffi’ / pause
- Synfaring ute med servicebygget/bårehuset, overblikk på kyrkjegarden
- Synfaring av gapahuken

### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet er takksame for alt det gode arbeidet kyrkjelydsutvalet i Kviteseid legg ned.

### **Frå samtala:**

Kyrkjelydsutvalet består av Lisbeth Farnen Aabø, Sigrun Moen, Kirsti Skjæveland og Solveig Løfgren. Dei snakka om oppgåvene som kyrkjevertar med mykje listeskriving i koronatida. Dei har nesten heile tida hatt kyrkjekaffi, dei har med blommar til altaret til kvar gudsteneste. Dei vaskar konfirmantkappene kvart år, og i 2020 fekk kyrkja nye dukar til 3 små bord rundt altaret.

Dei nemnde at det var vondt å avvise folk til kyrkja på 17.mai. Det var i perioden med strenge smittevernstiltak, 2 m avstand og få personar i kyrkja.

Det var semje om at kneleputa rundt altaret burde hatt nytt stoff for mange år sidan. Kan vi få til det, vil det vere fint å byta ut velur-stoffet på talarstolen og lesepulten samstundes. Må det ekstra innsamling til dette?

Det hadde og vore fint med eit klede som heng ned framom lesepulten og har fargar etter kyrkjeåret. Det får dei tenke vidare på.

Det vart snakka om det kunne setjast opp ein skjerm som dei som er framme i koret kan sjå på når dei ikkje kan sjå på lerretet kyrkjelyden ser på. Kyrkjevertarja informerte om at det allereie var søkt om å få setje opp ein monitor bak ei søyle i koret. Men å setje opp ein større (TV-)skjerm på utsida av rekkverket på galleriet, kan truleg vere ei betre løysing.

Saman med kyrkjelydsutvalet vart det og snakka om avstanden mellom benkane, når vi nå skal tilbake til normalen. Dette handsama SR i neste sak.

**VEDTAK:** Soknerådet er takksame for alt det gode arbeidet kyrkjelydsutvalet i Kviteseid legg ned.

**SR-sak 53.21 FR**

**Kyrkjebenkene i Kviteseid kyrkje**

**KS**

Tidleg under pandemien, medan det ennå var forskrifter om 1 meters avstand mellom folk, tok staben i forståing med prosten avgjersle om å lage større avstand mellom benkene. Dei vart flytta til om lag 100-120 cm mellom rygg-toppene. Nokre vart då tatt ut, og omnane under benkene vart flytta då vi såg at dette kunne bli langvarig.

Då avstanden mellom kohortane vart 2 meter, kunne vi bruke berre annan kvar benk, men då var også max-talet på tilhøyrarar lågt. No er alle restriksjonar oppheva og benkene kan igjen settast tilbake. Men vi gjer det berre ein gong nå, for omnane må flyttast etter, og berre det arbeidet kostar for 4-5.000 kr.

Før benkene vart flytta var det ofte folk reagerte på at det var trangt mellom benkene. Lange og store personar opplevde det trangt å sitja og stå mellom benkene. Avstanden varierte noko, for benkene var ikkje fastskrudde. Å skru dei fast vil ikkje gje samla betre plass.

Ved å ta bort ein benk på kvar side, vil det bli 10 cm ekstra plass til kvar benk, og vi mister om lag 14 plassar.

Historisk er det allereie redusert litt på benkene, til dømes då flygelet vart sett inn.

Kyrkjeverja meiner at det er viktigare å gjere forholda gode for folk på dei mange ordinære messene og arrangementa gjennom året, enn å ta omsyn til at vi mister nokre plassar dei (få) anledningane i året det er heilt fullt.

Alle varige endringar må vi søkje biskopen om løyve til. Kyrkjeverja har allereie bede bispedømekontoret om synspunkt på saka og varsla at det kan koma ein søknad.

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet ynskjer å søke biskopen om godkjenning til å redusera talet på benker i Kviteseid kyrkje med ein benk på kvar side, for å få betre plass til folk i benkeradene.

#### **Handsaming under møtet:**

Tidlegare under møtet var fleire med på å prøvesitje benkar med variable avstandar til benken framom. Det var semje om kva som bør vere minste avstand til benken framom. Målt ved golvet mellom endeveggane på benkene er 30 cm avstand grensa mellom behageleg og ubehageleg bruk for litt store personar.

Soknerådet er samstemt i at god plass mellom benkene for alle som er til stades, veg tyngre enn å måtte gje avkall på nokre få sitjeplassar. Det er klart at det i dei aller fleste arrangementa er plass til alle som ynskjer å vere med. Det er vanlegvis berre på adventskonserten det er heilt fullt i kyrkja. I tillegg kan det vere ein sjeldan gong ei gravferd der alle sitjeplassar er opptekne.

Soknerådet vart orientert om at ein av medlemmene som ikkje var til stades har gitt uttrykk for sitt syn om at det historisk allereie er tatt ut for mange benkar.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet ynskjer å søke biskopen om godkjenning til å redusera talet på benker i Kviteseid kyrkje med ein benk på kvar side, for å få betre plass til folk i benkeradene.

**SR-sak 54.21 FR**

**Innkøyring til gamlekyrkja**

**MG**

“S.D. Cappelen skoger” som eig Kviteseid gard ved gamlekyrkja, har i sommar sett opp skilt med «Privat vei» (Sjå bilete) Dette meiner mange er heilt uheyr. Kyrkjeverja har lenge tenkt, men ikkje rokke å kontakta Cappelen om saka enda.

Det er den nedste vegen (den fyrste frå Kviteseid) som er den originale. Den frå Fjågesundvegen og bygdetunet kom mykje seinare, og vart laga av praktiske årsaker. Dette skiltet står ved innkøyringa frå Fjågesundvegen.

1. Kyrkja er ein offentleg plass og vegen var offentleg lenge før Cappelen overtok Kviteseid gard. Vegane går fyrst og fremst til kyrkja. Kyrkjegjengarar, turistar og andre besøkande må enkelt kunne køyra inn frå bae sider. Gravfylgje (frå Kviteseid) køyrer alltid inn frå Kviteseidsida.
2. Dessutan er det uklart om kameraovervakinga rekk heilt til kyrkja. I så fall kjenner ikkje vi til at det er innhenta noko løyve frå datatilsynet om overvaking.
3. Så tar det seg ikkje ut med eit slikt skilt i Kviteseid på bokmål.

Men det er andre moment og, som må tenkast gjennom. Cappelen ved forvaltaren på Kviteseid gard har ‘alltid’ brøyta vegen utan å krevje noko frå kyrkja.



Eigedomen kyrkja står på er i matrikkelen framleis oppført med Cappelen som grunneigar. Etter lova er det Kviteseid sokn som er grunneigar, men det er ikkje retta enda.

Så er muren rundt kyrkja i dårleg stand og treng innan få år ein større renovering. Dette håper kyrkjevevja vi kan få Cappelen med på å sponse. Det må og klargjerast kven som har ansvar for klypping av graset på utsida av murane. Der har kyrkjetenarane våre ulikt syn og praksis. Sist, men ikkje minst, så er vatnet til kyrkja, inkludert brannsløkkings-slangen knytt til privat vatn frå Kviteseid gard.

Kyrkjevevja ynskjer difor ikkje å gå veldig hardt ut mot Cappelen for å forlanga endring på skilta, men vonar at ein dialog omkring desse ting kan gje forståing for vårt syn om at privat veg med overvaking ikkje er ein fin velkomst til kyrkja.

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet ber kyrkjevevja i dialog med “S.D. Cappelen skoger” prøve å få til semje om eit betre skilt utan teksten ‘Privat vei’ og ‘Kameraovervåking’, og gjerne på nynorsk.

#### **Handsaming under møtet:**

Soknerådet hadde nytte av at kommunerepresentanten i SR er ordførar og inntil nyleg mange års forpaktar av Kviteseid gard.

- Ved den fyrste innkøyinga frå Kviteseid, som i alle år fram til 1984 var den einaste vegen, står eit tilsvarande skilt, men med tilvising til Fjågesundvegen for besøkande til kyrkja. Det bør vere mogleg å køyre inn frå begge vegane og sleppe å måtte snu. Soleis kan det vere klokt med innkøying (hovudsakeleg) frå ei side.
- Kameraovervaking av Kviteseid gard kan vi ikkje seie noko imot, men det er ikkje greitt å overvake besøkande til kyrkja eller kyrkjegarden utan løyve frå datatilsynet, og utan at ‘eigaren’ Kviteseid sokn er informert. Men samstundes kan det vere greitt å ha det på skilta sett i lys av forsøket på brannstifting av Fjågesund kyrkje 12.sept. i år.
- Hovudparkeringa til kyrkja er framom porten i retning Kviteseid gard. Det har dei siste åra og vore mogleg å parkera langs delar av muren ved vegen inn frå Fjågesundvegen. Vi kan gjerne vere med på å markere parkeringsområdet framom porten betre, slik at grensa mellom kyrkja og Kviteseid gard blir betre.
- Bygdetunet får og vatn grå Kviteseid gard, men dei har ein målar for avlesing. Kyrkja bruker svært lite vatn. Det er berre til private som ynskjer å vatna blomar på graver. Rett nok er brannslangen kopla til det same, og den er viktig, men har heldigvis aldri vore i bruk.
- Vegane vert brøyta av Kviteseid gard, men frå tid til annan viss det er gravferd vinterstid med mykje sno, har forpaktaren brøyta og sendt faktura. Elles er kyrkja ikkje i bruk anna enn sommarstid.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet ber kyrkjevevja i dialog med “S.D. Cappelen skoger” prøve å få til semje om eit betre skilt utan teksten ‘Privat vei’ og ‘Kameraovervåking’, og gjerne på nynorsk. Det kan og vere ein fordel å få same forståing av forskjellige forhold som angår begge partar.

**SR-sak 55.21 FR**

**Gudstenesteplan for våren 2022**

**MG**

Gudstenesteutvalet handsama i sitt møte 28.09.21 eit forslag til gudstenesteplan førebudd av sokneprest i samarbeid med organist. Utvalet gjorde nokre endringar og stiller seg bak det forslaget som er vedlagt i saka her.

1. I oppsettet er det tatt omsyn til forordninga frå biskopen, samarbeid med andre, trusopplæringstiltak knytt til gudstenester og andre tradisjonar på dei ulike kyrkjestadene. Det er mange omsyn som skal ivaretakast, og nokre har vi ikkje greidd å innfri:
  - GU føreslår fri 2. helga i haustferien i staden for 1. for å få ei betre fordeling i Brunkeberg.
  - GU føreslår å ha samtalegudsteneste og konfirmantfest same dag som det er felles diakonisundag på ettermiddagen i ein annan kommune. Sundagane i mai dette året eignar seg dårleg til samtalegudsteneste.
  - Hausttakkefest og utdeling av 4-årsbok er skilt frå einannan for at det ikkje skal komme same dagen som felles songkveld. (Det er Vrådal sin tur å ha utdeling av 4-årsbok)
  - Vi har droppa frisundag i desember slik at alle kyrkjene kan få adventsgudsteneste. Dette gjev ikkje auka press på dei tilsette i høve til tidlegare, då frisundagen vanlegvis er lagt til romjula. I 2022 er det ikkje sundag i romjula. I staden har vi lagt inn to frisundagar i januar.
  - GU går inn for å endre fordelinga av påskegudstenester slik at Kviteseid får ei gudsteneste i tillegg til høgtidsgudstenesta 1. påskedag, medan Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund får kvar si. Vrådal har dei siste åra fått 1. påskedag som ei ekstra gudsteneste for å ta særleg omsyn til at det er mange turistar på hotell og hytter som oppsøker kyrkja der i påsken. GU føreslår at denne høgtidsgudstenesta 1. påskedag vert fast, og at Kviteseid og Brunkeberg byter på å ha gudsteneste langfredag og skjærtorsdag annakvart år.
2. Utvalet skulle ynskje at det var rom for fleire gudstenester i Kviteseid kyrkje på våren, då denne kyrkja er definert som hovudkyrkja i soknet. Ein kan få til fleire gudstenester om vi planlegg lekmannsgudstenester 2. januar og 20. mars. Desse datoane samsvarar med turnusen 1. og 3. sundag i månaden som vi prøver å halde oss til i høve til samlingar på Misjonshuset andre sundagar. Gudstenesteutvalet ynskjer at soknerådet tek stilling no til om vi skal planlegge slike lekmannsgudstenester. Om soknerådet ynskjer det, kan desse då innarbeidast i planen før vi vidare sender denne som informasjon til dei andre kyrkjesamfunna i Kviteseid.

**Vedlegg:** Forslag til Gudstenesteplan for 2022

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek gudstenesteplanen for 2022 slik han er foreslått frå gudstenesteutvalet.

Soknerådet går i tillegg inn for planlegging av lekmannsgudstenester 2. januar og 20. mars i Kviteseid kyrkje.

**VEDTAK:** Som føreslege.

**SR-sak 56.21**

**Eventuelt**

**MG**

Ei sak som vart nemnt på sist soknerådsmøte, vart presisert her:

Vidar Syrtveit Mikalsen har bedt om å få sleppe å representere kyrkja i Fellesmøtekomiteen.

Sokneprest Møyfrid Lunde held fram aleine som kyrkja sin representant.

Komande SR i 2021 er 17. november. Då fastsetjast møtedagar for 2022, det blir val av leiar og nestleiar. Vi møter organisten og trusopplæraren, og den store saka vert høyringa om framtidig kyrkjeleg organisering.